

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2.søndag i påsketida – 23. april 2017

Preiketekst: Joh 21.1-14

Lesetekst I: Jes 43,10-13 el. Apgj 1,1-5

Lesetekst II: 1 Kor 15,12-21

## Nytt møte

### Tredje gongen

Johannesevangeliet fortel at Jesus synte seg for læresveinane om kvelden den dagen han stod opp (20,19). Åtte dagar seinare viste han seg i igjen for læresveinane, då var alle samla (20,26). Dette var i Jerusalem, dei dreg derifrå og heimover, og vi finn dei igjen ved Tiberiassjøen. Her høyrer vi om *”tredje gongen Jesus openberra seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde.”* (21,14)

### Den dramatiske påska

Påskéhøgtida er forbi i Jerusalem, ei dramatisk påskehelg for alle, men mest for læresveinane åt Jesus. Dei heng igjen i sinnet minnet frå dagar med fortetta hat og sorg, skrik og skrål, hån og piskeslag, tornekrona og purpurkåpe. *”Bort med han! Gjev oss Barabbas fri!”* *”Krossfest han! Krossfest!”* Folket *”kravde med høge rop at han skulle krossfestast, og skriket deira fekk overtaket”*, skriv Lukas. Så hende det, Jesus vart krossfesta og døydde. Og Peter hadde fornekta Jesus tre gonger, *”Og han brast i gråt.”* (Mark 14.72) - Så kom den tredje dagen, og Jesus var ikkje lenger i grava. Stått opp, mange hadde møtt han, dei hadde sett han både den eine og den andre staden, på vegen, gjennom låste dørar, i stengde rom. Men det var jo dette han hadde snakka om fleire gonger: han skulle stå opp igjen den tredje dagen. Likevel var det utruleg og uforståeleg.

### Fisketuren

Så har læresveinane forflytta seg til Tiberiassjøen. Dei har forlatt det kaotiske Jerusalem og reist på landet, så og seia. Reist heim igjen for å fordøya inntrykka, for å samla tankane, for å få litt ro i eit miljø dei kjende, ved sjøen, i båten. *”Eg vil ut og fiska.”* sa Peter. *”Vi blir med deg, vi og,”* sa dei. Om dei dermed tenkte at dei skulle tilbake til sine tidlegare yrke, veit vi ikkje. I alle fall hadde dei opplevd tre flotte og spanande år saman med Jesus. Dei hadde følgd han gjennom tjukt og tynt, sett han gjera under, høyrd han tala, sett han gå åleine i fjellet for å be, sett dei store folkemassane samla seg om han. Og no var det slutt. Eller var det ikkje slutt? Dei vonde og vanskelege siste dagane i Jerusalem fekk ein brå slutt, ein lukkeleg ende. Jesus hadde stått opp frå dei døde, og læresveinane hadde sett han, møtt han, opplevd han.

Men no var dei ved Tiberiassjøen, dei var ute og fiska, noko dei var van med, noko dei kunne frå barnsbein av! Likevel fekk dei ingenting! Kan henda tenkte dei: kan vi ikkje fiska lenger heller? Jesus har gått frå oss, han har ikkje bruk for oss lenger, med fisket går det også dårleg – heilsvart, ikkje berre i fiskegarnet.

Då det lysna av dag, stod Jesus på stranda, bad dei kasta garnet på høgre sida av båten. Dei så gjorde og garnet vart fullt av store fiskar, 153 i alt. Så stod Jesus der, med invitasjonen *”Kom og få mat!”* Han såg dei var trøytte, han såg dei var triste, han såg dei var motlause, han såg dei trong oppmuntring. Han såg dei trong mat, brød og fisk frå bålet. Han såg dei trong å bli overbeviste om

at han dei hadde sett anda ut på korset, han var stått opp frå dei døde, han hadde sigra over døden, han hadde framleis omsorg for sine, han gav dei mat som han hadde gjort det så mang ein gong.

### **Strålende morgon**

Det må ha vore ein stille og strålende morgon ved Tiberiassjøen. Tenk å få møta igjen Meisteren, tenk at han gjorde under som før, tenk at han bar omsorg for dei som før! Tenk for ein kontrast til den svarte fredagen med skrik og skrål i Jerusalem!

*"Det er Herren."* Denne vesle kommentaren frå den disippelen som Jesus hadde kjær til Peter, er gripande. Peter hadde vonde minne frå påskehelga i Jerusalem. Han hadde svikta sin Herre og Meister, så totalt. Kunne knapt få gjera det godt igjen! Måtte gå å bera på den børa det er å ha svike sin næraste venn og medarbeidar! Peter kunne ha gått i stå, han kunne ha mist trua, kunne ha blitt gåande i mørke. Men Johannes fekk han på sporet igjen, fekk han til å lyfta augo, fekk han til å sjå Herren. Ein ekte ven var Johannes. Er eg ein slik ven som hjelper mine medmenneske til å halda seg på vegen, ein slik ven som hjelper mine medmenneske inn på sporet igjen om dei skulle vera på veg ut.

*"Det er Herren!"* Peter forstod med ein gong at det var snakk om Jesus då han høyrde denne setninga. Eg førestiller meg at det for mange, mange bilete gjennom Peter sitt hovud, bilete av dei mange opplevingar han hadde hatt saman med Jesus, like frå den dagen då Jesus stod på stranda og sa *"Følg meg!"* og til nokre få dagar tidlegare då han kom springande til grava og berre fann likkleda, men ingen Jesus!

### ***"Det er Herren!"***

Kva tankar går gjennom ditt hovud når du høyrer denne setninga?

-Eg ser han som kom som eit lite barn og som englane song om. Han som kom, var ei stor glede for alt folket. Ei stor glede fordi han er frelsaren, han som opnar vegen for kvart menneske inn i Guds gode rike.

-Eg ser han som høyrde ropet frå den blinde Bartimeus ved veikanten. Den blinde ropa, og Jesus høyrde, han lytta til bønna og han viste miskunn.

-Eg ser han som såg til dei utstøytte og tilsidesette, spedalske vart reine etter møte med Jesus, sjølv på avstand.

-Eg ser han som vekte opp den einaste son til enkja i Nain.

-Eg ser den allmektige, som samstundes ser den eine og enkelte. Han som høyrer ropet, han som høyrer sukket, han som høyrer gråten. Han som aldri går forbi, han som stansar, ser, lyttar og handlar.

### ***"Det er Herren!"***

-Eg ser den audmjuke kongen på eselfolen.

-Eg ser den tenande Jesus som vaskar føtene åt læresveinane

-Eg ser den bedande Jesus i Getsemane, i dødsangst bed han: *"Far, om du vil, så ta dette begeret frå meg! Men lat det bli som du vil, ikkje som eg vil."* (Luk 22.42) Og sveitten fell som bloddråpar til jorda. Anar eg kva frelsa mi har kosta?

-Eg ser fangen Jesus, den tornekrona Jesus, eg ser piskeslaga, purpurkåpa, eg høyrer folkehopen som ropar *"korsfest, korsfest!"*

-Eg ser Jesus på veg til Golgata, med det tunge, tunge korset over aksla.

-Eg ser spikrane bli slått gjennom hender og føter, mens folkehopen hånar, ler og gret om kvarandre.

-Eg ser korset bli reist, som det midterste av tre kors, på kvar side av han heng ein røvar. Den eine spottar, den andre får vera med til paradís.

-Eg ser mørket liggja over landet og forhenget i tempelet rivna. Eg høyrer han ropa: "Det er fullført!" "Far, i dine hender gjev eg mi ånd." Så andar han ut.

"Det er Herren!"

-Eg ser den tome grava i hagen den tredje dagen. Eg høyrer mennene i skinande kvite klede seia: "Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp."

-Eg ser den oppstandne Jesus koma gjennom låste dørar, ser han gå på vegen til Emmaus med læresveinane som ikkje kjenner han, ser han bryta brødet og så bli borte.

-Eg ser den oppstandne Jesus møta Tomas spesielt: "Kom med fingeren din, sjå her er hendene mine."

-Eg ser han stå på stranda med invitasjonen: "Kom og få mat!"

-Eg ser han stå framfor Peter med spørsmålet: "Elskar du meg?"

-Eg ser han stå på fjellet med elleve læresveinar framfor seg, "dei fall ned og tilbad han, men somme tvila." Då seier Jesus: *Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til mine disiplar! Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*"

-Eg ser han bli lyft opp og ei sky tek han bort. Så høyrer eg. "Denne Jesus som vart teken bort frå dykk opp til himmelen, han skal koma att på same måten som de såg han fara opp til himmelen."

"Det er Herren!"

Har du sett Jesus? Han er den same i dag som i går! Då han lutande bøygde hovudet i døden var det for å sona di skuld. Då han sigrande sprengde døden sine lekkjer var det for å gje deg eit evig liv i Guds gode himmel, i Jesu nærleik.

*Og... "han er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd. Lat oss difor stiga fram for nådens kongsstol med frimod, så vi kan finna miskunn og nåde til hjelp i rette tid." (Hebr 4.15-16)*

Vi lever i tida etter Jesu himmelfart; vi kan knappast forventa å sjå Jesus med augo våre her vi ferdast på jorda. Men vi kan sjå han likevel, i Ordet, vi kan møta han, vi kan høyra han.

I Ordet møter vi Jesus, han som seier: "Følg meg!" Han som seier: "Fred vere med dykk!" Han seier som seier: "Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!" Han som seier: "Kom og få mat!"

Jesus kallar på deg. Kjem du?

## **Alvhild Vassel Eide**

Tidlegare tilsett i NMS, Kamerun og region Bergen

[alvhild.vassel@dcpost.no](mailto:alvhild.vassel@dcpost.no)